

Årsmelding for "Frivillige tiltak i landbruket" 2011



For reinare vassdrag på Jæren

Eit prosjekt under Jæren vannområde i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland Fylkeskommune og kommunane; Hå, Time, Klepp, Gjesdal, Sandnes, Sola, Stavanger og Randaberg.

**Olaf Gjedrem og Olav Husveg
Rogaland landbruksselskap**

Februar 2012

*Bilete på framsida er frå eit
bekkelagsmøte i Bråstein, Sandnes tatt
av Olaf Gjedrem*



Bråstein. Foto: Arne J. Lyshol

BAKGRUNN

PROSJEKTET FORLENGA I 3 NYE ÅR

Våren 2010 vedtok partane bak prosjektet "Frivillige tiltak i landbruket" å forlenga prosjektperioden med 3 år, frå 1. mai 2010. Bak prosjektet står framleis dei 8 kommunane Hå, Time, Klepp, Gjesdal, Sandnes, Sola, Stavanger og Randaberg. I tillegg er fylkesmannen si landbruksavdeling og fylkeskommunen med. Det visast til Oppsummeringsrapport for 2004 -2010.

Me er glade for at det er etablert eit godt samarbeid med bondeorganisasjonane, fylkesmannen si landbruksavdeling og miljøavdeling, fylkeskommunen, alle deltakarkommunane med sine landbruksavdelingar og landbruksrådgjevinga på Jæren.

VASSFORSKRIFTA

Regjeringa har nå innført vassforskrift etter mønster av EU sitt vassdirektiv. Vassforskrifta gir pålegg om at det skal utarbeidast eigne planar for alle vassdrag, med tilstandsrapport og grunna tidfesta tiltak som skal bidra til å nå vasskvalitetsmål for dei ulike vassdraga før 2020. Figgjovassdraget er pilotvassdraget som alt er godt i gang med desse prosessane. Dette arbeidet passar utmerka godt saman med vårt arbeid og me er glade for at kommunane på brei front vert involverte i dette viktige arbeidet.

ORGANISERING

Prosjektet er eit prosjekt under Jæren vannområde. Det er valt ei styringsgruppe med representantar frå oppdragsgjevarane. I 2011 har samansetninga av gruppa vore slik:

Anfinn Rosnes, Fylkesmannen i Rogaland (leiar)
Ragnvald Gramstad, Norsk landbruksrådgiving Rogaland
Arnstein Gilje, Rogaland bondelag
Nils Melbø, Rogaland bonde- og småbrukarlag
Gudrun Kristensen, Gjesdal kommune
Arve Fløysvik, Sandnes kommune
Anne Grete Rostad/ Monica Dahlmo, Fylkesmannen i Rogaland
Jon Lund, leiar i vassområde Jæren

Styringsgruppa har hatt 2 møter i 2011.

ØKONOMI

Rogaland Landbruksselskap er prosjektorganisasjon og rekneskapet blir ført av Wenche Knudsen. Tabellen under syner økonomien for 2011. Overskott på 452 705 kr skuldast i hovudsak innbetaling frå Sola kommune og Klepp kommune. Sola kommune har innbetalt kr 120 000 årsaka turveg. Klepp kommune har betalt inn første halvdel av turveg i Klepp på kr 225 000.

Signal frå styringsgruppa har vore at inntektene frå turvegane skal brukast til å forlenge prosjektet.

| Tekst | Budsjett | Regnskap |
|--|------------------|------------------|
| Lønn | -850 000 | -787 046 |
| Administrative utgifter (mobil, pensjon, m.m.) | 50 000 | -70 224 |
| Reiseutgifter | -70 000 | -76 835 |
| Utstyr (spesialkonvolutter, toner) | | -11 517 |
| Utgifter til møter/arrangement | -70 000 | -20 422 |
| Støtte innbetalt av kommunene | | 540 000 |
| Støtte innbetalt av Rogaland fylkeskommune | | 250 000 |
| Støtte innbetalt av Fylkesmannen (Info-midlar) | | 250 000 |
| Sola kommune, restbeløp tursti | | 120 000 |
| Sandnes kommune, restbeløp turvei Bærheim-Skjæveland | | 33 750 |
| Klepp kommune, ½ parten av turvei Figgjo | | 225 000 |
| <i>Inntekter</i> | <i>1 040 000</i> | <i>1 418 750</i> |
| SUM 2011 | | 452 705 |

SKAS HEIGRE MILJØAVTALER

Miljøavtalane er eit viktig samarbeidsprosjekt mellom miljø og landbruk i Skas Heigre i Sandnes, Klepp og Sola. Det vart starta i 2010 som ei treårig satsing. Her har bøndene inngått avtale med landbruksforvaltninga om gjødsling, ugjødsla randsoner og gjødselprøvetaking. Underteikna avtale gir rett til å søkje om tilskott frå Regionalt miljøprogram. Søknad om RMP viser at 71 bønder har søkt tilskott for til saman 20 204 daa fulldyrka og 1 550 daa beite i 2011. I nedbørsfeltet til Skas Heigre er det totalt ca 24 000 daa jordbruksareal. Resultata til nå er svært lovande, med betydeleg reduksjon av P og innsparingar for bøndene. Prøvar av vasskvaliteten for 2011 viser nedgang i innhaldet av fosfor. Gjennomsnittet for 2011 er det lågaste som er målt. Prosjektleiarane har ansvar for oppfølging av den enkelte bonde og hjelper kommunane i sin innsamling og behandling av miljøbøndene sine søknader om RMP tilskot. Kommunane og Fylkesmannen har fått inn og registrert gjødseljournalar frå alle søkjarane. Journalane er samanstillt og oversendt Bioforsk Jord og Miljø. Skas Heigre er JOVA-felt, det vil seie eit felt kor ein ser på korleis landbruket påverkar vasskvaliteten, og Bioforsk skal bruke tala som dokumentasjon på gjødslingspraksis i området. Resultat frå gjødselprøvetakinga er også oversendt Bioforsk Jord og Miljø. I 2011 ble Skas Heigre føreslått tatt ut av JOVA-programmet. Årsaka var at Bioforsk fekk mindre statlege midlar til programmet. Det vart av Fylkesmannen teke initiativ for å finne regional finansiering. Rogaland fylkeskommune gav 60 000 kr og Statens landbruksforvaltning gav 59 000.



Foto: Anne Grete Rostad

MILJØVENNLEG GJØDSELSPREIING

Pilotprosjektet miljøvennleg gjødselspreiing vert ført vidare med stadig aukande deltaking og tilslutning. Ordninga går ut på at bønder i utvalde område får ekstra tilskott for å spreie gjødsla på ein meir miljøvennleg måte, det vil seie med å anten molde den ned innan 2 timar, eller bruke utstyr som feller ned eller legger husdyrgjødsla direkte på bakken. I 2011 søkte til saman 261 bønder om støtte til 56 511 daa for å bruke desse metodane. Også bønder utafor sonene får tilskot har teke opp spreingsteknikkane i si drift. Ein reknar med at om lag 25 % av gjødselhandteringa på Jæren skjer innafor

dette regelverket. Stadig fleire tek opp deler av dette, t.d. å få gjødsla ut tidleg i vekstsesongen. Så erfaringar frå prosjektet vert spreidd. SLF har evaluert tiltaket, og det vert forventa at temaet vert teke opp i jordbruksforhandlingane.

PUNKTUTSLEPP

Prosjektlearane får av og til melding frå kommunar eller bønder om registrerte punktutslepp. Ein viktig del av vårt arbeid er å fylja dette opp så raskt som muleg og finna ut kva som er skjedd og bidra til at det ikkje skjer att. Spesielt etter gjødselspreiing- og haustings-periodar tek prosjektlearane turar for å sjå om det er avrenning av gjødsel eller silosaft til vassdraga. Om den enkelte bonden har gjentekne utslepp, vert det reagert frå kommunen som er ureiningsmynde. Bekkelaga er flinke til å fylja dette opp. I 2011 har me følgt opp om lag 20 punktutslipp.

UGJØDSLARANDSONER

Ugjødsle randsoner er eit kostnadseffektivt tiltak for å minske avrenning frå jordbruket. Det vert gitt tilskott i Regionalt miljøprogram på randsoner på dyrka areal mot utvalde vassdrag. Me har hatt kontakt med grunneigarane langs Limavatnet (ca 12-15 personar) for å oppmode dei til å etablere ugjødsle randsoner. Me har også hatt kontakt (per telefon) til grunneigarar langs Salteåna.

PELSDYR

Me har besøkt 3-4 pelsdyranlegg for å sjekka om det var forureining frå drifta. Me fant alt i orden. I følgje pelsdyravslaget i Rogaland er det gjort oppgraderingar av eldre anlegg, og alle følgjer no forskriftene.

REINSEPARKAR



Foto: Arne J. Lyshol

Det etablerast framleis mange reinseparkar på Jæren. Etter at prosjektleiarane besøkte alle reinseparkar i Klepp og Time, samt dei fleste i Hå, er det sett i gang vedlikehaldsarbeid og tømning av sedimentar som jordforbetningsmiddel. I lag med Time kommune inviterte me alle reinseparkeigarane i kommunen til ei samling der me ga råd om stell, tilsyn og tilskotsreglar. Me har også vore på synfaring i følgjande område: Folkvord, Skas Heigre, Vats-vassdraget og Hålandsvatnet. Det er framleis vanleg at kommunane ikkje har nok SMIL midlar, slik at reinseparkeigjarar må stå i kø før dei kan få tilskot til reinseparkanlegg. Det er og innført ein ny regel i RMP som gjer det muleg å få tilskot til reinsking av reinseparkanne før 10 år er gått, om det er betydelege tilførsler frå andre enn reinseparkeigjararen. Tilskotsbeløpet er og heva frå 5 000 kr inntil 10 000 kr. Me har tatt initiativ til å lage ein oppdatert brosjyre over korleis ein kan etablere reinseparkar. Brosjyren vil verte ferdig i 2012.

SPESIELLE VATN – SELDALSVATN, HÅLANDSVATN OG LIMAVATNET



Alger. Foto: Anne Grete Rostad

På grunn av algevekst i desse vatna, har me ei aktiv oppfølging av dei. Me tek turar for å sjå om dei ser normale ut, og oppserverar innløpsbekker. Me har hatt møte med ein grønsaksprodusent om etablering av grassoner langs Hålandsvatnet. Seldalsvatnet er merkbar betre utan algeoppblomstring. Det var ikkje

nemneverdig algevekst i Limavatnet i 2011. Me håpar at kloakkeringa som nå mest er ferdig i nedslagsfeltet i både Randaberg og Stavanger, vil vera avgjerande for ein stabil og god vasskvalitet i Hålandsvatnet og.

VASSPEST BJOVATN

Det er positivt at det er sett i gang tiltak for å nedkjempe den smale vasspesten i Bjovatn, med tilskot frå Miljøverndepartementet. Blant anna er vasspestplantane slått med slåmaskin seinhaustes i 2011. Det er vidare bestemt at det i 2012 skal vera eit felt i vatnet som skal slåast 2 gonger, eit felt skal slåast ein gong og eit område skal ikkje slåast. Så vil ein sjå kva effekt desse opplegga vil ha. Me håpar og at sivskogen i utløpet kan slåast slik at vasspestplantane kan verta ført til havs mest muleg av vind og straum.

Planlegging av ei omfattande offentleg kloakkering går vidare på ein positiv måte med positiv holdning frå grunneigarar og ein aktiv Hå kommune. Det er avsett tilskotsmidlar frå Jæren vannområde for å stimulera til frivillig kloakksanering. Arbeidet forventas å setjast i gang neste år for å kopla flest muleg av dei 140 boligane i nedslagsfeltet til det offentlege avløpsnett.

BEKKELAG

Kvart år har me hatt samlingar i om lag 30 av dei 44 bekkelaga. Tema på samlingane er t.d. pilotprosjekt, vassforskrifta og gjødsselforskrifta. Om lag 50 % av bøndene bruker å kome på møta. Einskilde bekkelag er aktive og arrangerar eigne møte. Målet er at dei bli sjølvgåande. Bekkelaga er nyttige for å danna ei felles haldning mot forureining og dei vil vere viktige i ein prosess med gjennomføring av tiltak etter vassforskrifta. På eit par av samlingane har praktisk botndyrundersøking vorte gjennomført.

| Kommune | Tal bekkelag | Møte i 2011 |
|------------------|---------------------|--------------------|
| Gjesdal | 5 | 3 |
| Time | 7 | 5 |
| Klepp | 7 | 3 |
| Hå | 13 | 7 |
| Sola | 3 | 2 |
| Randaberg | 2 | 1 |
| Stavanger | 1 | 0 |
| Sandnes | 6 | 7 |

BIOGASS

Det er forventa at biogassproduksjon kan verta ein verdifull medspelar for landbruket . Det er planlagt fleire biogassanlegg og det er gitt tilsegn om statsstøtte gjennom Enova. Me har engasjert oss noko i dette temaet, både som pådrivarar, og i å formidla til bøndene kva som føregår, og kva dette kan bety for landbruket.

GJØDSELFORSKRIFTA

Landbruks- og matdepartementet har varsla at dei vil senda ut eit framlegg til justert gjødsel forskrift i nær framtid. Me var representerte på ei samling i Oslo for å diskutera grunnlaget for slike endringar. Me gjennomførte ein prosess med involverte parter i fylket før dette møtet for at Rogaland skal kunna vera ein betydeleg aktiv part i den debatten som vil koma. I Skas Heigre prosjektet er det framskaffa betydeleg informasjon om husdyrgjødsel og innhaldet av denne, som bla. syner mindre P enn gjeldande oppfatningar.

VINDAFJORD: VATSVATN OG LANDAVATN

Prosjektleiarane har i tråd med føringar frå styringsgruppa hatt nær kontakt med ein aksjon som er under etablering i Vindafjord kommune "Aksjon Vatsvassdrag". Dei 2 vatna, Landavatnet og Vatsvatnet er forureina slik at det nærast kvart år vert alger i vatna. Mykje av avrenninga i dette området kjem frå landbruket.

Ei aksjonsgruppe var på besøk på Jæren ein dag der me fortalde og synte kva som er skjedd her for å betra vasskvaliteten. Me var og på synfaring og såg på 8 aktuelle reinseparkar i deira nedslagsfelt, og snakka med bøndene der. Om kvelden møtte bortimot 30 av dei 50 bøndene som driv i dette intensive og flotte landbruksområdet. Me er glad for at styringsgruppa for RMP vil gje dei sjansen til stimuleringsmidlar for 2012 slik at dei kan lukkast i å ta eit felles stort løft for å betra ein situasjon som ikkje er berekraftig.

SAMARBEID MED TEKNISK GRUPPE, MILJØ- OG LANDBRUKSAVDELINGA HJÅ FYLKESMANNEN

Me er svært glade for at teknisk gruppe er etablert og at me i fellesskap kan utfylla kvarandre og oppnå betydeleg betre resultat. Spesielt vil me framheva arbeidet for å få nokolunde felles reglar for kloakk tilkopling i kommunane. Slik at reglane er kjende og bøndene kjenner seg trygge. Det samla forureiningsførebyggjande arbeidet får dermed ein nødvendig breidde og kan i større grad lukkast.

TURVEGAR

TURVEG SOLA



I 2010 bad Sola kommune prosjektleiarane om å leggje grunnlag for ein turveg mellom Hellestø og Sele på 2,2 km med å inngå leieavtaler med grunneigarane. Leigeavtalane er for 40 år. For dette arbeidet fekk prosjektet tilført 240 000 kr. Det vart etablert ei styringsgruppe bestående av Fylkesmannen si landbruksavdeling og miljøvernavdeling, Rogaland fylkeskommune, Sola bondelag og Sola kommune. Prosjektleiarane hadde ein kontordag i veka på Sola Rådhus. Arbeidet er no avslutta og kommunen har dermed fått det grunnlaget dei ynskte for å kunna prioritera bygging av denne viktige turveigen i grensa mellom landbruk og verna friområde. Me vil takka alle partane for godt samarbeid.

TURVEG KLEPP

Klepp kommune er og interessert i å få etablert ein tilsvarande turveg langs Figgjoelva frå Orstad til Bore bru. Styringsgruppa godkjende at prosjektleiarane skulle prøva å få til ei avklaring om trase og leigeavtaler med grunneigarane. For dette arbeidet får prosjektet tilført 450 000 kr og det starta opp i september 2011. Det er planen at dette skal arbeidet skal avsluttast i slutten av 2012.

RESULTAT

INFORMASJON


Prosjektet går i hovudsak ut på informere bønder og grunneigarar om korleis næringsavrenninga frå jordbruket kan verte mindre. Me har hatt mykje kontakt med næringa gjennom ulike typar møte, synfaringar og besøk. I møta legg me vekt på å snakke om korleis bonden betre kan nytte husdyrgjødsle, og gjødsle etter balanseprinsippet. Me informerar om avbøtande tiltak som reinseparkar, ugjødsle randsoner og om tilskottsordningar som er å finne på miljøområdet. Det er vanskelig å måle kor i stor grad informasjonen har gitt endringar. Det vi veit er at salet av mineralgjødsel med fosfor har gått tydeleg ned. Bønder og landbruksrådgjevinga er oppteken av å bruke husdyrgjødsle best mogleg. Me meiner det er betydeleg meir fokus på miljø i jordbruket no enn før.

UREINING FRÅ JORDBRUKET

2011 var eit vanskeleg år for jordbruket med mykje nedbør og vanskelege tilhøve for innhausting. Me har enno ikkje fått resultat frå vassovervakinga (IRIS) med unntak av data frå Skas Heigre.

REDUSERT GJØDSLING MED MINERALGJØDSEL

Bruk av mineralgjødsel i jordbruket har gått ned. Tal frå Mattilsynet viser at salet av mineralgjødsel i Rogaland er redusert dramatisk frå 2005. i perioden 2005 til 2009 er salet redusert frå 800 tonn fosfor per år til 300 fosfor tonn per år. Sal av nitrogengjødsel er redusert med 6000 tonn frå 14 000 til 8 000 tonn per år.



Salet av mineralgjødsel med fosfor går stadig ned. I 2005 blei det selt 800 tonn med reint fosfor. I 2009 var salet på 300 tonn.

Figur 1 Utvikling i sal av N, P, K i mineralgjødsel, Mattilsynet 2010.

UGJØDSLARANDSONER

Det har gjennom Regionalt miljøprogram, RMP, vorte søkt om støtte til 11,5 fleire km ugjødsle randsoner i 2011 enn i 2010.

| Ugjødsle randsoner | Omsøkt RMP i 2010 | Omsøkt RMP i 2011 | Endring 2010-2011 |
|-------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| På grasmark (fulldyrka areal) | 188 km | 196,8 km | + 9 km |
| I open åker | 12,2 km | 14,7 km | + 2,5 km |

Randsonene minskar avrenninga frå jordbruket. Det er vanskeleg å måle effekt av randsonene.


MILJØAVTALAR I SKAS HEIGRE

Miljøavtalane legg føringar på kor mykje fosfor-gjødsel som kan tilførast i dei ulike vekstkulturane. Det er hovudsakleg grasproduksjon i området. Etter avtalen kan det brukast maksimalt 3 kg fosfor per dekar. Registrering av gjødseljournalar viser at gardbrukarane i snitt tilfører 2,7 kg P per daa. Dette er lågare enn vanlig gjødslingspraksis i området. Gjødslinga i Skas Heigre liggjer no 0,5 kg fosfor per dekar lågare enn normalen på eng. Med 20 000 dekar i miljøavtalene gir dette ein reduksjon på mellom 5-10 000 kg fosfor per år i nedbørsfeltet.

Prøvar av vasskvaliteten i Skas Heigre viser reduksjoni gjennomsnittleg innhald av fosfor. Det er gledeleg, og kan nok til dels tilskrивast redusert fosforgjødsling i området. Fortynningseffekten pga større nedbørsmengder er usikker.

Skas-Heigre kanalen

| | Total fosfor ($\mu\text{g/l}$) | | | | | | | | Total nitrogen (mg/l) | | | | | | | |
|--------|----------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|----------------------------------|------|-------|------|------|------|------|------|
| | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| Snitt | 128 | 138 | 151 | 144 | 190 | 139 | 141 | 113 | 4,29 | 4,37 | 5,85 | 5,79 | 4,70 | 4,33 | 4,29 | 4,83 |
| Max | 254 | 326 | 283 | 200 | 430 | 389 | 310 | 294 | 6,44 | 7,36 | 10,80 | 8,99 | 6,73 | 5,39 | 7,60 | 7,82 |
| Min | 44 | 61 | 84 | 79 | 86 | 44 | 30 | 42 | 2,20 | 2,45 | 3,40 | 4,07 | 3,13 | 2,61 | 2,40 | 2,13 |
| Median | 121 | 121 | 135 | 134 | 150 | 107 | 100 | 96 | 4,31 | 4,16 | 5,38 | 5,65 | 4,66 | 4,49 | 4,10 | 4,80 |
| Antall | 26 | 25 | 26 | 26 | 26 | 26 | 25 | 23 | 26 | 25 | 26 | 26 | 26 | 26 | 25 | 23 |



FIGUR 2 FRÅ IRIS, ÅGE MOLVÆRSMYR, SOM SYNER UTVIKLINGA AV INNHALDET AV FOSFOR OG NITROGEN I VASSPRØVA SOM ER TATT I SKAS HEIGRE

MILJØVENLEG GJØDSELSPREIING

Det er auke i oppslutninga kring tilskotsordninga "miljøvenleg gjødselspreiing". Tabellen under syner at det er søkt om lag 5 400 meir dekar i 2011 i høve til 2009.

| Kommune | 2008 | | 2009 | | 2011 | |
|----------------------------|--------------|---------------|--------------|---------------|--------------|---------------|
| | Tal søkjarar | Areal i daa | Tal søkjarar | Areal i daa | Tal søkjarar | Areal i daa |
| Time | 55 | 10 701 | 68 | 14 725 | 56 | 15 228 |
| Hå | 46 | 11 717 | 52 | 13 361 | 57 | 14 757 |
| Randaberg | 1 | 250 | 2 | 366 | 1 | 240 |
| Sola | 6 | 1 536 | 16 | 4 901 | 14 | 4 773 |
| Vindafjord | 0 | | 53 | 5 414 | 53 | 5 402 |
| Stavanger | 11 | 2 293 | 11 | 2 664 | 11 | 3 203 |
| Gjesdal | 0 | | 8 | 1 421 | 14 | 1 877 |
| Klepp | | | | | 9 | 1 902 |
| Sandnes | 16 | 4 717 | 35 | 8 261 | 46 | 9 129 |
| Sum totalt Rogaland | 135 | 31 214 | 245 | 51 113 | 261 | 56 511 |

Eit utval..

14 TORSDAG 2. SEPTEMBER 2010 Bygdebladet

Bøndene vil ha friske vann

Olav Gjerdrem og Olav Husveg vil ha jærkøbenhavn med på helles sykkelstrekning for bedre vannforhold i Hålandsdalen og andre vassdrag.

AV GEIR SVEEN
Foto: Geir Sveen

Bakslag på klare bekkeleder
Olav Gjerdrem og Olav Husveg har et stort ønske om å få jærkøbenhavn med på helles sykkelstrekning for bedre vannforhold i Hålandsdalen og andre vassdrag.

12.000 kub. Olav og Olav Husveg har et stort ønske om å få jærkøbenhavn med på helles sykkelstrekning for bedre vannforhold i Hålandsdalen og andre vassdrag.

Trangt?
Snakk med oss om smarte løsninger og større plass.

www.fogstad-haa.no



Avtalen innebærer at det nå kan bygges en sykkel- og gangvei her til venstre fra parkeringsplassen på Hellestø og til grensen i Klepp. Det blir først og fremst en lokal promenadegate. FOTO: Geir Sveen

Kan dette bli en ny Rallarveg?

En ny avtale for Nordsjøruta mest omstridte «missing link-strekning» ble i dag presentert på Hellestø.

Del på Twitter | Del på Facebook | Send på epost

AV Geir Sveen
Publisert: 12 januar 2012 (13:29) Oppdatert: 12 januar 2012 (14:57)

Alle grunneiere og Fylkesmannen i Rogaland er enig om hvordan det kan lages en nesten ti kilometer lang og tre meter brei sykkel- og gangvei fra den populære Hellestøstranden til grensen i Klepp.

Dermed faller en viktig bil på plass for den internasjonale Nordsjøruta på sykkel. Til nå har syklistene, når de kommer sør fra Borestranden, blitt skiftet ut på hovedveien og gått glipp av nærkontakten med både Sele havn, Feikstein for en de mest kjente sandstrømme

Ble anlagt i forrige århundreskifte i forbindelse med byggingen av Bergensbanen. Ble åpnet som sykkelveg sommeren 1974.

I de første årene ble den bare brukt av noen hundre syklistere, men ble landskjent på slutten av 1980-årene etter et TV-program og har i dag rundt 25.000 syklistere hvert år. Er 80 km lang, og går fra Hauaustøl over Finse til Mirdal, og

12. januar 2012 Stavanger Aftenblad

2. september 2010 Bygdebladet Randaberg

jbl.no demo

Distriktet Time kommune Gjesdalbuven Sandnes Strandbuven Randaberg

SPORT
Bryne
Idrett
Håndball
Klepp kvinner elite
LANDBRUK
Landbruk
TEMA
Musikk
Skole
Næringsliv
Litteratur
Politikk
Natur og friluftsliv
IT
Reiseliv

Snart kan du gå tur langs Figgjoelva i Klepp

Klepp kommune har vedteke å starte opp eit forprosjekt med føremål å få til ein samanhengande turveg i landbrukslandskapet frå Orstad i aust til Bore bru i vest, i samarbeid med Fylkesmannen og Rogaland fylkeskommune.

Prosjektet er tenkt gjennomført som ein del av prosjektet "Frivillige tiltak i landbruket".

Styringsgruppa for Frivillige tiltak i landbruk på Jæren gjorde den 30.08.2011 vedtak om å tilby tenester gjennom prosjektleiarane Olav Gjerdrem og Olav Husveg til gjennomføring av turvegprosjektet i Klepp. Kommunen har garantert for kostnadene med forprosjektet, men ser for seg eit speileslag med Fylkesmannen og fylkeskommunen - jf. protokoll frå hovudutval for lokal utvikling i Klepp - Fylkesmannen

Snart kan du gå tur langs Figgjoelva i Klepp

Klepp kommune har vedteke å starte opp eit forprosjekt med føremål å få til ein samanhengande turveg i landbrukslandskapet frå Orstad i aust til Bore bru i vest, i samarbeid med Fylkesmannen og Rogaland...

... Styringsgruppa for Frivillige tiltak i landbruk på Jæren gjorde den 30.08.2011 vedtak om å tilby tenester gjennom prosjektleiarane Olav... Fylkesmannen

Parti og valprogram

«Også ved kommunevala er partiprogramma viktige...

... Når til dømes Klepp Høgre ikkje med eit einaste ord nemner konkurranseutsetjing av offentlege tenester i sin valbrosjyre, kan det vanskeleg...

301